# Tilleggsliste til nr. 36, Helsing, fakter og åtferd.

## Måter å refse folk på.

A. Ved ymse höve.

1. Dei skar åkeren rundt han som var sein til å skjora, så han vart ståande på „holme". Og dei hadde mora av å „skårjagå" den som var sein til å slå graset. Men figurar har det ikkje vore tale om dei sette opp.
2. Vi har ikkje höyrd om serlege prettar for dei som kunde fara ute i påskeveka; men det vart gjort streker med deim som för ute om „vet'n"; – m.a. gildra dei opp vassbötte som kvelva over han som kom innom döra.
3. Jule-streker veit vi ikkje av soleis; men med „nattfriarar" har det vore gjort ymse. Dei drog båten opp på ein hög bergnut og hissa segl på han. – Dei drog båten attåt fjosveggjen og maka han full av mökk.

B. Ved å sette namn på folk.

4. Vi veit ikkje av sers namn på deim som gjekk på besök 1. juledag, men å gå ut slik var kallo dårleg folkskikk.
5. Dei som ikkje fekk (får) nytt plag til jul, skal sitje på hoggstabben.
6. Ein fiskar som kom iland utan fisk vart kalla ein „vafis".

–

8070

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING